

Sak 25/23: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknad

Sak 26/23: Underskrift av forrige møtebok.

Neste møte

Sak 27/23: Soknerådsvalet

Det er vanskeleg å få tak i kandidatar. Vi fortset med spørjerunden. Bernt Rune legg ut ei oppfordring på facebook om å stille til val.

Sidan kandidatlistene må ver klare seinast 2.mai, må vi framskynde neste soknerådsmøte.

Sak 28/23: Konfirmantfesten.

Det er mykje som skjer på bedehuset denne dagen, så vi velger å ha «festen» i kyrkja etter gudstenesta. Vi serverer pølser, brus, kaffi og kaker.

Film frå Israelsturen, kahoot, og evt. annen leik.

Soknerådet ordner kakemat. Siri bestiller det som trengs.

Sak 29/23: Eventuelt

Vi vedtar at vi melder oss på aksjonen «Sammen som kirke i hele verden». Kyrkjekontoret organiserer deling på facebook. Dei innsamla midlene går til menighetsbygging i Mongolia.

Friluftsgudstjeneste 18. juni?: Vi kjører vanlig gudstjeneste denne dagen då det er usikkert om dagsturhytta på Hekkfjellet er ferdig til då. Det er også innmeldt dåp denne dagen.

Denne søndagen er det i tillegg eit familieevenleg fiskearrangement på Gletnesvatnet.

Klokker: Det er behov for fleire klokkarar. Vi tek dette opp på neste møte.

Eiken 13.04.2023

Siri Eiken